

## Høyringsuttale frå Ål kommune

### Forslag til endring i barnehagelova og forskrift om bemanning

Kunnskapsdepartementet ynskjer innspel til endringar i barnehagelova, opplæringslova, friskulelova og forskrift om pedagogisk bemanning - minimumsnorm for grunnbemanning, skjerpa norm for pedagogisk bemanning og plikten til å samarbeide om barns overgang frå barnehage til skule og SFO.

Uttale frå Ål kommune:

**a) Grunnbemanning** Det er positivt at det blir lovfesta eit minimumskrav til grunnbemanning; ein tilsett per tre barn under 3 år og ein tilsett per seks barn over 3 år. Det kjem ikkje fram i forslag til lovendringa kor mange timer av dagen bemanningsnorma skal gjelde. Er det heile dagen eller delar av dagen? Med ei opningstid på 10 t. kvar dag og arbeidstid 7 ½ t. per tilsett, er det full grunnbemanning 5 t. kvar dag på avdelinga. (kl. 9.30 – 14.30)

I høyringsnotatet står det: «*Departementet vil likevel understreke at barnehageeier må sørge for at grunnbemanningen er tilstrekkelig til at barnehagen kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet gjennom hele barnehagedagen og ved sykdom.*»

Er dette godt nok i forhold til forslag om minimumsnorm for grunnbemanning i barnehagen? I barnehagelova m/forskrifter bør det stå noko om kor mange timer el. kor stor del av dagen minimumskrav til grunnbemanning skal gjelde.

**b) Pedagogisk bemanning** Ål kommune støttar departementet sitt skjerpa krav til norm for pedagogisk bemanning. Kommunen meiner auka pedagogisk kompetanse saman med nok tilsette på avdelinga er heilt vesentleg for at barna sine behov for omsorg, leik, læring og danning skal ivaretakast. Utfordringa med auka pedagogisk bemanning er at alle pedagogar i barnehagen skal ha 4 t. ubunden arbeidstid (planleggingstid). Dette er timer pedagogane ikkje er til stades i barnegruppa. Jo fleire pedagogar jo mindre vaksne på avdelinga. **Det bør presiserast i barnehagelova m/forskrifter at timane der pedagogane har ubunden arbeidstid må erstattast med andre tilsette/annan pedagog.**

**a) Samarbeid barnehage – skule/sfo.** Ål kommune ser verdien av å samarbeide om overgangen frå barnehage til skule og SFO, og meiner **det er rett å lovfeste ein gjensidig plikt for barnehage- og skuleeigar til å samarbeide om barns overgang frå barnehage til skule i både opplæringslova og barnehagelova.**